



**Arkiv:** FE-255  
**JournalpostID:** 23/44746  
**Saksbehandler:** Martin W. Kulild  
**Dato:** 07.06.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
	Alver kommunestyre	

## Rettet emisjon - Gløde Utvikling AS

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Alver kommune er positive til å kjøpe aksjar i Gløde Utvikling AS, for inntil kr 3.000.000,-. Det er ei føresetnad at dei andre eigarane sluttar seg til utvidinga, utan å krevje umiddelbar innløyning av sine eigardelar.
2. Kommunestyret bed om at Gløde AS utarbeidar naudsynt dokumentasjon og avtaler, som mellom anna sikrar at eksisterande aksjonærer og Alver kommune sine retter og pliktar vert ivareteken.
3. Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere endeleg vedtak i saka, inkludert finansiering ved bruk av disposisjonsfond.
4. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til at det vert starta opp eit arbeid med mål om fusjon mellom vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritets eigar i.

### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

### Kva saka gjeld:

Gløde Utvikling AS har i vedlagde skriv beskrive deira økonomiske uføre og kome med ynskje om at det vert gjort ei retta emisjon mot Alver kommune på til saman 4-6 million kr.

### Vurdering

Ei retta emisjon krev korrekt sakshandsaming og vedtak før den kan effektuerast. Det er difor viktig å sikre at selskapet og Alver kommune sine handlingar er i tråd med selskapet sine vedtekter, evt aksjonæravtale og aksjelova m forskrift.

Selskapet skriv at det har vore eigarmøte 27.4.23, med orientering og at det ikkje er kome merknader til prosessen. Dette må formaliserast/dokumenterast i generalforsamling 20.6.23, eller før Alver gjer vedtak om kjøp av aksjer.

Det er viktig å sikre alle aksjonærane sine rettar, og at ei kapitalutviding vert gjort i tråd med vedtektene, dersom dette temaet er omtalt i vedtekter eller stiftelsesdokument. Ved å utvide aksjekapitalen i størrelsesorden 2-6 mill. kr. vert dei andre aksjonærane «minoritetsaksjonærane». Dette kan gje oss plikt til å løyse ut dei andre aksjonærane, dersom dei krevjar det. Det vil også være mogleg for Alver kommune å tvangsinnløyse dei resterande aksjane etter ein slik emisjon. Denne retten/plikta oppstår ved eigarskap på meir enn 90% av aksjane.

Før vi gjer endeleg vedtak om å kjøpe aksjar i emisjonen, må vi også fastsetje ei rettvis pris for dei nye aksjane – kr 1 per stykk eller anna pris? Prisen skal akseptast av oss og dei gamle aksjonærane. Gløde Utvikling AS må utarbeida naudsynt dokumentasjon, som emisjonsavtale, teikningsblankett(er) med vilkår, framlegg til pris, tidsfristar og andre relevante detaljer.

Vi forutset at aktuelle långjevarar/panthavarar til selskapet, vert haldne orientert om framdrift og konklusjonar i saka om retta emisjon.

Saksframstillinga til selskapet er ikkje tydeleg på konklusjon knytt til storleik på emisjonen Gløde Utvikling AS ynskjer av formannskapet. Administrasjonen vurderer difor dette, som om at det er eit intensjonsvedtak som er «bestillinga».

Kommunedirektøren ser det som mest tenleg med eit intensjonsvedtak i formannskapet 15.6.23 og kommunestyret 22.6.23, kor det vert delegert til formannskapet å gjere vedtak om eventuell ekstern bistand og endeleg avtale om kjøp av aksjar. Dersom det er tilstrekkeleg for selskapet å ha ei avgjerse 5.10.23, kan saka handsamast av kommunestyret.

Prosedyre/dokument for å sikre våre/alle aksjonærane sine interesser, i tråd med aksjonæravtale, forskrift og lov, vert utarbeida av Gløde Utvikling AS.

Det er Alver kommunestyre, på vegne av Alver kommune, som skal godkjenning en eventuell retta emisjon. (Eller formannskapet, om slikt løyve vert delegert).

Denne saka, saman med økonomiske utfordringar i Aufera AS, aktualiserer trongen for å vurdere om våre vekstselskap er best mogeleg organisert. Det kan vere tenleg å vurdere om ei samanslåing av selskapa (inkludert KIM AS) kan vere med å effektivisere og ytterlegare betre drifta av selskapa. Fedje og Austrheim kommunar får tilsendt kopi av denne saka, samtidig som formannskapet i Alver mottok sakspapira. Ved vedtak av prosess, må vi orientere styra i selskapa og involvere sentrale interessentar. Det er viktig å involvere eigarane, styra og samarbeidspartar i det føreståande arbeidet, for å sikre at det vert gjort gode og riktige vurderingar – før endeleg konklusjon er sett.